



Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund
Telefon: 57 64 31 21
E-post fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato
31.3.2017

Vår referanse
07/447
Rapportnummer
2017.007.I.FMSF

SIMAS iks

Tilsyn ved Festingdalen avfallsanlegg - krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbedringspunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr. Dersom de meiner det er faktiske feil i teksten, må de melde frå innan to veker. Etter dette reknar vi rapporten som endeleg.

Hovudfunn frå kontrollen

Fylkesmannen påviste 4 avvik frå ureiningsregelverket og ga 2 merknader under tilsynet.

Avvik:

- Verksemda har ikkje tilstrekkeleg oversikt over utslepp til vatn
- Verksemda har ikkje oversikt over gjeldande BAT-dokumentasjon
- Årleg rapportering til Fylkesmannen er mangelfull
- Mottaksdelen for avfall som skal handterast biologisk i reaktor er ikkje overbygt

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 4. Avviket vil verte følgd opp særskilt dersom det ikkje er lukka innan juli 2017.

Merknader:

- Verksemda manglar oversikt over avfallshavarar som ikkje deklarerer farleg avfall korrekt
- Verksemda må betre informasjonsplikta til Fylkesmannen

Funna er nærare omtalt i del 6 og 7 nedanfor og rettleiing om dykkar oppfølging er nærare omtalt i del 3 nedanfor. Vi ber om attendemelding på retting av avvik innan 2.5.2017.

Med helsing

Nils E. Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef

Gøsta Hagenlund
kontrollør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): Festingdalen avfallsanlegg Ansvarleg verksemd: Simas iks	Verksemdnr.: 876028662 Eigd av: 974888076
Kontaktperson: Hallvard Thomassen	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1420.0008.2 Deponi 1420.0008.05 Ordinært avfall 1420.0008.06 Farleg avfall 1420.0008.07 Kompostering
<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: 30.10.97 1997.0506.T
Risikoklasse: 2	Gebysats etter § 39-7 i ureiningsforskrifta: kr. 19 400,-

2. Bakgrunn for kontrollen frå ureiningstilsynet

Fylkesmannen skal jamleg føre tilsyn med verksemder i Sogn og Fjordane som har eit ureiningspotensial eller produserer eller handterer avfall. Denne kontrollen vart gjennomført den 27.3.2017 for å granske korleis vilkår i utleppsløyvet endra 19.12.16 vert følgd opp. Kontrollen vart gjennomført ved gransking av dokument (skriftlege og elektroniske) og ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen. I tilknytning til kontrollen vart det gitt informasjon om avfallsregelverket.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll (ytre miljø)
 - Risikovurdering
 - Årleg handlingsplan
 - Årleg gjennomgang
- Utsleppskontroll til luft og vatn
- Løyvet med vilkår
- Handtering ordinært avfall
- Handtering farleg avfall
- Handtering av kjemikal

Vi gjer merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik. Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utleppsløyve, og verksemda sine egne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)

Merknad. Tilhøve som vi meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta det ytre miljøet, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på egne rutinar som inneheld

strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknader kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Andre forhold. Saker som kom fram under kontrollen og som er nyttig for verksemda å kjenne til. Her kan også inngå kommentarar til tema som vart omtalt, men som ikkje inngikk i denne kontrollen.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknadene og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgivingane. Merknader kan gje grunnlag for pålegg (vedtak om tiltak som må gjennomførast).

Vi ber om at de **innan 2.5.2017** melder attende per e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no, eller skriftleg, korleis avvik er retta eller vert arbeidd med, og om det er gjennomført tiltak på bakgrunn av merknader. Vi ventar at de legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

4. Vedtak om gebyr for kontroll

Vi viser til varsel og omtale av gebyrplikt under kontrollen. Verksemdar skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen i samsvar med § 39-7 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. På bakgrunn av medgått og venta ressursbruk må verksemda betale gebyr etter sats 2 i § 39-7 i ureiningsforskrifta for den gjennomførte kontrollen (kr. 19 400,-). Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adressert til Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

Avvik 1 Verksemda har ikkje tilstrekkeleg oversikt over utslepp til vatn

Avvik frå: Utsleppsløyvet 30.10.97, endring 4, 19.12.16

Kommentarar:

1. Verksemda har ikkje oversikt over utslepp av alle relevante prioriterte miljøgifter, jf. vilkår 2.1

Døme: Arsen og arsen-sambindingar er oppført som prioriterte stoff i vedlegg 1. Arsen er ikkje analysert for eller grunngjeve kvifor de meiner dette ikkje er nødvendig.

Informasjon: Verksemda må dokumentere ved tilstrekkeleg tal analysar at slike stoff anten ikkje vert sleppt ut eller at dei er så små at dei må sjåast på som uvesentleg for miljøet. Verksemda manglar også oversikt over ev. utslepp av nokre andre prioriterte stoffa som er lista i vedlegg 1, alternativt må ein grunngi kvifor analysar er utelate.

2. Måleprogrammet har manglar, jf. vilkår 6.2.1

Prøvetaking og analysar skjer ikkje i samsvar med minimumskrava i løyvet.

Informasjon: Vilkår 6.2.1 lister element som skal vere med i programmet. Tabellen i vilkår 6.1 oppgir utsleppskjelder, vurderingstema, parameter og minimum prøvetakingsfrekvens. Vedlegg 1 og 3 oppgir minimum omfang av analyseparameter, frekvens og grunnlag for vurdering av analysar av prioriterte stoff.

3. Prøvetaking og analysar av ureina vatn er mangelfull, jf. vilkår 6.1 og vedlegg 3

Merk! dette vilkåret har ikkje endra innhald ved oppdateringa av løyvetekst i 2016. Innsendte resultat for 2016 viser at det er teke 4 prøver av sigevatn i 2016. Analysane har til dels store manglar. Mange parameter er berre analysert 2 gonger. M.a. parametrane suspendert stoff (SS), BTEX, mangan, nikkell, arsen og olje er ikkje dokumentert at er analysert for. Vi kunne heller ikkje finne dokumentasjon på stoffinnhald i sigevassedimentet, jf. kolonne 5 og 6 i tabell del 1 i vedlegg 3.

Avvik 2 Verksemda har ikkje oversikt over gjeldande BAT-dokumentasjon

Avvik frå: Utsleppsløyvet 30.10.97, endring 4, 19.12.16, vilkår 2.4

Kommentarar:

Verksemda kunne ikkje vise til kjennskap til relevante BREF-dokument (Bat Reference Documents), eller dokumentere korleis dei arbeider for å stette BAT-omtalane i desse dokumenta.

Informasjon: Verksemda må vurdere relevante tilrådingar i BREF-dokument, og – dersom det er tenleg, implementere beste tilgjengelege tekniskar i sin aktivitet.

Etter Fylkesmannen si vurdering kan relevante BREF dokument vere EFS (Emissions from Storage), WT (Waste Treatment) og ROM (Monitoring of emissions from IED-installations). Merk likevel at desse dokumenta er rettleiande. Krav i løyvedokumentet går føre tilrådingar i

dokumenta. Verksemda må følgje råda i dokumenta der løyvedokumentet ikkje set andre krav, eller grunngje kvifor de meiner andre teknikkar vil vere like bra eller betre.

Etter vår vurdering er verksemda omfatta av dei særskilte krava som følgjer av opplistinga i ureiningsforskrifta kap. 36, vedlegg 1, punkt 5.1 så langt de blandar eller ompakkar farleg avfall, punkt 5.3 b) ii) når de forbehandlar ordinært avfall før forbrenning i anlegg med kapasitet på meir enn 75 tonn om dagen, punkt 5.4 når det gjeld deponering av avfall og punkt 5.5 då de har kapasitet til mellombels lagring av farleg avfall på meir enn 50 tonn (jamvel om kapasiteten ikkje vert fullt nytta).

Det er venta at BREF-dokumentet WT vil få vedtekne BAT konklusjonar seinare i år eller neste år, og verksemda vil då ha 4 år på å etterleve relevante krav etter endring av løyvet.

Avvik 3 Årleg rapportering til Fylkesmannen er mangelfull

Avvik frå: Utsleppsløyvet 30.10.97, endring 4, 19.12.16, vilkår 13.2, jf. vedlegg 4

Kommentarar:

Verksemda har ikkje rapportert fullt ut for alle relevante driftsforhold. Vi etterlyser m.a. betre omtale av pkt. 1, 4, 6, 7, 10, 12, 13 og 14.

Informasjon til nokre av punkta

Til pkt. 1. Det er positivt at de også inkluderer kort omtale av drift av miljøstasjonane. Rapporten opplyser likevel ikkje om relevante forhold ved drifta av stasjonane eller avfallsanlegget i Festingdalen. T.d. ville det vore naturleg å omtale utfordringane med treavfall her.

Til pkt. 4. Vi har motteke god oversikt over innkome, lagra og vidarelevert avfall frå både Festingdalen og på vegner av Østerbø (jf. pkt. 3). Innsende data manglar oversikt over lagra mengd ved årsskifte og maksimal lagra mengde førre år. Dersom verksemda hadde sett opp slike tal, ville det gje betre grunnlag for å omtale t.d. lagermengd treavfall i pkt. 1 og som grunnlag for ev. melding til Fylkesmannen i samsvar med vilkår 2.6.

Til pkt. 6. Eige avfall utgjer til vanleg ein liten del av totalmengd avfall. Vi reknar likevel med at de har same oversikt over eige, generert avfall som for anna næringsavfall – og at det går fram av interne registreringar.

Til pkt. 7. Årsrapporten viser til at det ikkje er registrert framande, skadelege artar i området, Innsendt rapport og handlingsplan i ettertid og som omtalt på kontrollen viste likevel at er registrert minst ein slik art, og som det er planlagt tiltak mot. Vi er nøgd med forklaringane i ettertid.

Til pkt. 7. Det er positivt at SIMAS arbeider kontinuerleg med informasjon. Informasjon er kan hende det viktigaste verkemiddelet for å få flest moglege av kundar og abonnentar til å levere og sortere avfall på rett måte. Det ville vore naturleg å omtale noko nærare kva for informasjon som var særleg viktig i 2016, ev. budsjett- eller rekneskapsendringar, kva de ser

på som særleg utfordrande. T.d. vil innføring av "raud boks" krevje særskilt informasjon over tid.

Til pkt. 13, jf. vilkår 11. Verksemda må dokumentere at dei har etablert eit energileiingssystem i samsvar med krav i vilkår 11, og rapportere om systemet i neste årsrapport.

Avvik 4 **Mottaksdelen for avfall som skal handterast biologisk i reaktor er ikkje overbygt**

Avvik frå: Utsleppsløyvet 30.10.97, endring 4, 19.12.16, vilkår 5

Kommentarar:

Verksemda har framleis ikkje innebygt mottaksdelen til komposteringsanlegget. Avviket vart også påvist under kontrollen i 2014.

Informasjon

Verksemda orienterte om at overbygginga er prosjektert å vere ferdig i juni i år. Vi ser på avviket som alvorleg og vil vurdere å følge opp særskilt dersom overbygginga ikkje er ferdig og teke i bruk seinast i juni i år.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1 **Verksemda manglar oversikt over avfallshavarar som ikkje deklarerer farleg avfall korrekt**

Kommentarar:

Utsleppsløyvet føreset i vilkår 3.5.2 at SIMAS iks kan gje Fylkesmannen nødvendige opplysningar om korleis dei mottek og arbeider med deklarerer av farleg avfall. SIMAS har ikkje slike opplysningar lett tilgjengelege i dag, men må arbeide for at det på ein enkel måte kan gjerast tilgjengeleg for Fylkesmannen for kontrollføremål.

Informasjon

Plikta i vilkår 3.5.3 må forståast som ei presisering av opplysningsplikta som følgjer av § 49 i ureiningslova.

Merknad 2 **Verksemda må betre informasjonsplikta til Fylkesmannen**

Kommentarar:

Vilkår 2.6 i utsleppsløyvet gir føringar for kriteria når verksemda skal informere Fylkesmannen om auka ureiningsfare eller når det er forhold som må omtalast som "unormale driftsforhold". Fylkesmannen vurderte under tilsynet at verksemda sin omtale av lagringstid og –mengde for treavfall i delar 2016, burde vore varsla til Fylkesmannen.

8. Andre tilhøve

1. Kompostering i rankar

Verksemda har behov for å kunne behandle også noko matavfall i enkle rankekomposteringsanlegg, og vil søkje Fylkesmannen om det i eigen prosess

2. Feil i utsleppsløyve, tabell i vilkår 6.2.1

Kolonne 2 i tabellen viser mellom anna til "vedlegg 3 del 3". "Del 3" er feilskriving og skal lyde "vedlegg 3 del 1".

3. Resipientovervaking

Fylkesmannen meiner verksemda tolkar vilkår 7 rett når dei meiner neste resipientgransking bør 6 år etter siste gransking, det vil seie i 2018.

4. Årsrapport 2016

Verksemda vil ikkje få ytterlegare kommentarar til innsendt årsrapport for 2016. Vi vil merke at jamvel om det er vist til fleire manglar og forbetningspunkt i oppfølging og rapportering, meiner vi at rapporten for 2016 generelt var god og ga godt grunnlag for informasjon til og vidare dialog med Fylkesmannen.

Eigenrapporteringa for deponiakтивiteten er godkjent i databasen Forurensning og melding sendt til SIMAS iks 1.3.17.

9. Dokumentgrunnlaget

Lovgrunnlaget for kontrollen er:

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensningar og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltaksplikt dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning). Særleg viktige reglar er kap. 36
3. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall). Særleg viktige reglar er kap. 9 og 11
4. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, *med vekt på ytre miljø*)
5. Utsleppsløyve dagsett 30.10.97, endring 4 datert 19.12.16

I tillegg har vi sett på og vurdert:

1. Eigenrapport til FMVA (2016)
2. Tidlegare kontrollrapport (2015)